

Forskrift om ordensreglement for grunnskolane i Nord-Fron kommune.

Heimel: Fastsett av Kommunestyret i Nord-Fron kommune med heimel i lov 17.juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) §2-9

§ 1 Formål

Forskrifta skal gje retning og vere ei rettesnor for skulane sine ordensreglement. Skulane sine reglement kan ikkje gå mot denne forskrifta, men kan presisere, utdjupe og ha tillegg. Sanksjonar er døme på utdjupingar kvar skule må ha i sine ordensreglar, då berre dei strengaste sanksjonane er skrive i forskrifta.

§ 2 Virkeområde

Skåbu oppvekstsenter, Kvam skole, Vinstra ungdomsskole, Barhaug skole og Sødorp skole er underlagt denne forskrifta. Ordensreglementet gjeld på skoleveg og buss der det er skoleskyss.

Reglane gjeld i skuletida, i alle tilstellingar i skulen sin regi, men også utover dette om mobbing og krenking har sterk tilknytning til skulen og skulemiljøet.

§ 3 Elevane sine rettar og plikter

Elevane har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Om ein elev ikkje opplever miljøet trygt og godt skal skulen med bakgrunn i opplæringslova kapittel 9A sette i verk tiltak for å rette opp situasjonen gjennom aktivitetsplikta som er gjeldande frå 1.8.2017. Elevane skal vise respekt og god åtfærd seg imellom. Mobbing og krenking skal både førebyggast og stoppast.

Krav og forventning om respektfull og god åtfærd gjeld også i dei digitale romma elevane møtest i.

Eit eige IKT reglement er vedlegg til forskrift for ordensreglar, og skal gjelde alle skular. Som del av IKT reglementet er det også eit vedlegg om erstatningsplikt for IKT utstyr som elevane får utdelt. Summane som er definert kan bli endra ein gong i året utan at Forskrift for ordensreglement treng å bli endra, men må følgje retningslinjene i Lov om skadeerstatning, kapittel 1, §1-1 og 1-2.

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1969-06-13-26#KAPITTEL_1

§ 4 Trafikk

Nord-Fron kommune er Trafikksikker kommune. Vi oppmodar på det sterkaste til at elevar og foreldre/føresette rettar seg etter Trygg Trafikk sine retningslinjer om når eit barn har nok kompetanse til å sykle i trafikk, bruk av sykkelhjelm, refleks om ein sykklar eller går, at alle bruker bilbelte i bilar og bussar til og frå skulen m.m.

<https://www.tryggtrafikk.no/tema/skole/skolevei/>

<https://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2013/10/PDF-Sikker-skoleskyss.-Nedlastbar-utg%C3%A5ve-20131.pdf>

§ 5 Orden

I skolane i Nord-Fron møter elevane godt førebudd, viser arbeidsinnsats og gode arbeidsvanar. Dette krev mellom anna å kome tidsnok til timane, ha med det ein skal og følgje opp skulearbeidet slik det er forventa i skulen. Utfyllande ordensreglar er utarbeidd for kvar skule.

Alle skolane i Nord-Fron har eit definert skuleområde som elevane skal opphalde seg innafor gjennom skuledagen.

I ungdomsskulane har elevane bokstavkarakter i «orden».

§ 6 Åtferd

I Nord-Fron skolane oppfører vi oss respektfullt og vennleg mot dei andre i skulesamfunnet. Mobbing, krenking og oppførsel som går utover læringsmiljøet skal ikkje førekome.

Utfyllande reglar for orden og åtferd er i tillegg utarbeidd for kvar einskild skule med bakgrunn i lokale behov.

I ungdomsskulane har elevane bokstavkarakter i «åtferd».

§ 7 Sanksjonar

Det er viktig at sanksjonar for brot mot ordensreglementet står i samsvar med kor alvorleg hendinga er. For kvar skule sitt ordensreglement skal det vere tydeleg kva sanksjonar skulen nyttar ved regelbrot. Elevar på ungdomstrinnet kan bli utvist opp til tre dagar ved særskilde grove brot mot reglementet, og denne sanksjonen er omtala i opplæringslova §9A-11. I barneskulen kan ein elev bli utvist for ein eller to timar eller ut dagen. Berre rektor kan vedta utvisning.

Skulebytte er ein sanksjon som skuleeigar kan vedta, og melding til politiet ved straffbare hendingar på skulen sitt område kan nyttast.

Behandling:

Vedteke i HOK den 6/6 – 2018, sak 35/18

Tidlegare behandla i / av:

Oppvekststyret 17.09 1999.

(Justerte vedtekter var referatsak i HOK 13.4 2016)